

Møtebok
BREMNES SOKNERÅD

Desse møtte: Marie Habbestad, Jarle Havn, Anne Berit Hope, Lene Nesse, Per Nygård, Odd Kåre Sakseid, Asbjørn Gundersen, Berit Hallaråker og John Olav Habbestad.

Møtestad: Bremnes Kyrkje
Tid: Tirsdag 30.04.2019 kl.19.00

Sak 04-01-19: Innkallinga vart godkjent

Sak 04-02-19: Godkjenning av møtebok 26.03.2019

Sak 04-03-19: Referatsaker

- Møtebok frå AU 23.04.2019
- Møtebok Årsmøte 2019
- Referat frå Diakoniutvalet 21.03.2019

Sak 04-04-19: Orienteringssaker

- Gjennomgang av Jubileumsveka. Soknerådet oppsummerte alle arrangementa i jubileumsveka.
- Berit Hallaråker informerte litt om kyrkjevalet. Valet er 8-9. September 2019.

Sak 04-05-19: Offer under påskevandringsgudstenesta 06.April 2019 samt Gospelmesse 22.April 2019.

- Soknerådet vedtok at offeret under påskevandringsgudstenesta 06.April skal gå til Barn og Ugdom i Bolivia. Offeret under Gospelmessa 22.April 2019 skal gå til kyrkjemusikalsk arbeid.

Sak 04-06-19: Midlar til reparasjon av kyrkjetaket til vår venskapskyrkjelyd i Sangaste

- Under eit uver i Estland i vår vart deler av kyrkjetaket til vår venskapskyrkjelyd i Sangaste skada. Estlandskomiteen har sett av ein sum på 15 000 kr, som adressert behov frå Sangaste, som bidrag til reparasjon av dette. Estlandskomiteen bed om stønad frå sokna i Bømlø. **Framleg til vedtak:** Bremnes Sokneråd foreslår å gje eit bidrag på 5000 kr til dette formålet. Soknerådet gjorde samrøystes vedtak om å støtta med dette formålet.

Sak 04-07-19: Tilgang videooverføring frå Bremnes Kyrkje

- Soknerådet lyt ta stilling til kven ein kan tilby tilgang til videooverføringa. Videooverføringa er hovudsakleg tiltenkt sjukeheimen samt personar tilhøyrande soknet som fysisk ikkje kan koma til kyrkja. Soknerådet vart samde om å få ei registrering over dei som har tilgang med ei passordbeskytta løysing. Ved spesielle høve kan andre som ynskjer tilgong kontakte kyrkjekontoret.

Berit Hallaråker
leiar

Jarle Havn
Sekretær